



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
240/25	Formannskapet	04.12.2025
098/25	Kommunestyret	18.12.2025

Høyring av søknad om å regulere Selsvatnet i Sunnfjord kommune, Vestland fylke

Vedtak i Kommunestyret 18.12.2025:

Sunnfjord kommune finn å kunne tilrå at Selselva Kraft AS får konsesjon til å regulere Selsvatnet mellom LRV på kote 839 og HRV på kote 840, og til å auke slukeevna i Selselva kraftverk til 1,3 m³/s. Kommunen meiner at revidert løysing for dam og regulering reduserer dei negative konsekvensane tiltaket medfører i høve andre samfunnsomsyn i tilstrekkeleg grad.

Sunnfjord kommune syner til følgjande moment frå førre uttale som framleis er aktuelle for NVE å vurdere i si konsesjonshandsaming:

- Kystfloke kan misse leveområde. Som det kjem fram i rapport om konsekvensar for naturmangfald, er det knytt stor usikkerheit til kva arten tåler av redusert vassføring.
- Området er del av Sunnfjord villreinområde. Av omsyn til villrein, må eventuell innverknad på Isforholda på Selsvatnet vurderast grundig.
- Dam vil bli etablert i eit sårbart høgfjellsområde med store lokale, regionale nasjonale og internasjonale brukarinteresser. regulering vil kunne bli synleg frå rute til Kvamshesten og vil bli synleg frå turområda kring.
- Omdømme/og populæritet knytt til friluftsliv/reiseliv kan bli negativt påverka.
- Ut over tiltak som tillrettelegg for friluftsliv er fjellområdet urørt og utan tekniske inngrep.
- Området har store geologiske verdier.
- Øvre delar av Selselva er eit godt synleg landskapselement, elva oppstraums inntak renn i dag fritt.

Av nye tilhøve ber Sunnfjord kommune NVE om å ha serskild merksemd på og vurdere følgjande i si handsaming:

- Nye registreringar av artar kring Selsvatnet er ikkje konsekvensvurdert eller omtalt i søknaden.
- Bergselva Bygstad kraft AS har fått konsesjon på bygging av Bergselva kraftverk. Samla belastning på naturtypen ellevassmassar for desse to utbyggingane må vurderast.
- Ei eventuell utbygging som søkt om kan i annleggsfasen føre til utfordringar knytt til planar om å sikre drikkevassforsynga med å ha vassintak i Begselva, sidan det no føreligg konsesjon for utbygging av denne.

Kommunen ser fordelar med å kunne auke produksjonen av rein energi. Framleis kan søkt

løysing ha konsekvensar som peikar mot at samfunnsnyttan (produksjon av ca. 3 GWh/år rein kraft) ikkje når opp mot konsekvensar for andre samfunnsinteresser.

Kommunen syner til dei merknader som går fram av kommunedirektøren sine vurderingar og i samandrag og legg til grunn at NVE tek dette med seg i si handsaming av konsesjon.

Om NVE finn å kunne gi konsesjon, så skal det lagast ein detaljplan for utbygginga. Ein eventuell slik detaljplan skal Sunnfjord kommune ha til uttale, før han blir godkjent.

Innstilling frå Formannskapet 04.12.2025:

Sunnfjord kommune finn å kunne tilrå at Selselva Kraft AS får konsesjon til å regulere Selsvatnet mellom LRV på kote 839 og HRV på kote 840, og til å auke slukeevna i Selselva kraftverk til 1,3 m³/s. Kommunen meiner at revidert løysing for dam og regulering reduserer dei negative konsekvensane tiltaket medfører i høve andre samfunnsomsyn i tilstrekkeleg grad.

Sunnfjord kommune syner til følgjande moment frå førre uttale som framleis er aktuelle for NVE å vurdere i si konsesjonshandsaming:

- Kystfloke kan misse leveområde. Som det kjem fram i rapport om konsekvensar for naturmangfald, er det knytt stor usikkerheit til kva arten tåler av redusert vassføring.
- Området er del av Sunnfjord villreinområde. Av omsyn til villrein, må eventuell innverknad på Isforholda på Selsvatnet vurderast grundig.
- Dam vil bli etablert i eit sårbart høg fjellsområde med store lokale, regionale nasjonale og internasjonale brukarinteresser. regulering vil kunne bli synleg frå rute til Kvamshesten og vil bli synleg frå turområda kring.
- Omdømme/og populæritet knytt til friluftsliv/reiseliv kan bli negativt påverka.
- Ut over tiltak som tillrettelegg for friluftsliv er fjellområdet urørt og utan tekniske inngrep.
- Området har store geologiske verdiar.
- Øvre delar av Selselva er eit godt synleg landskapselement, elva oppstraums inntak renn i dag fritt.

Av nye tilhøve ber Sunnfjord kommune NVE om å ha serskild merksemd på og vurdere følgjande i si handsaming:

- Nye registreringar av artar kring Selsvatnet er ikkje konsekvensvurdert eller omtalt i søknaden.
- Bergselva Bygstad kraft AS har fått konsesjon på bygging av Bergselva kraftverk. Samla belastning på naturtypen elvevassmassar for desse to utbyggingane må vurderast.
- Ei eventuell utbygging som søkt om kan i annleggsfasen føre til utfordringar knytt til planar om å sikre drikkevassforsynga med å ha vassintak i Bergselva, sidan det no føreligg konsesjon for utbygging av denne.

Kommunen ser fordelar med å kunne auke produksjonen av rein energi. Framleis kan søkt løysing ha konsekvensar som peikar mot at samfunnsnyttan (produksjon av ca. 3 GWh/år rein kraft) ikkje når opp mot konsekvensar for andre samfunnsinteresser.

Kommunen syner til dei merknader som går fram av kommunedirektøren sine vurderingar og i samandrag og legg til grunn at NVE tek dette med seg i si handsaming av konsesjon.

Om NVE finn å kunne gi konsesjon, så skal det lagast ein detaljplan for utbygginga. Ein eventuell slik detaljplan skal Sunnfjord kommune ha til uttale, før han blir godkjent.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sunnfjord kommune finn å kunne tilrå at Selselva Kraft AS får konsesjon til å regulere Selsvatnet mellom LRV på kote 839 og HRV på kote 840, og til å auke slukeevna i Selselva

kraftverk til 1,3 m³/s. Kommunen meiner at revidert løysing for dam og regulering reduserer dei negative konsekvensane tiltaket medfører i høve andre samfunnsomsyn i tilstrekkeleg grad.

Sunnfjord kommune syner til følgjande moment frå førre uttale som framleis er aktuelle for NVE å vurdere i si konsesjonshandsaming:

- Kystfloke kan misse leveområde. Som det kjem fram i rapport om konsekvensar for naturmangfald, er det knytt stor usikkerheit til kva arten tåler av redusert vassføring.
- Området er del av Sunnfjord villreinområde. Av omsyn til villrein, må eventuell innverknad på Isforholda på Selsvatnet vurderast grundig.
- Dam vil bli etablert i eit sårbart høgfjellsområde med store lokale, regionale nasjonale og internasjonale brukarinteresser. regulering vil kunne bli synleg frå rute til Kvamshesten og vil bli synleg frå turområda kring.
- Omdømme/og populæritet knytt til friluftsliv/reiseliv kan bli negativt påverka.
- Ut over tiltak som tillrettelegg for friluftsliv er fjellområdet urørt og utan tekniske inngrep.
- Området har store geologiske verdiar.
- Øvre delar av Selselva er eit godt synleg landskapselement, elva oppstraums inntak renn i dag fritt.

Av nye tilhøve ber Sunnfjord kommune NVE om å ha serskild merksemd på og vurdere følgjande i si handsaming:

- Nye registreringar av artar kring Selsvatnet er ikkje konsekvensvurdert eller omtalt i søknaden.
- Bergselva Bygstad kraft AS har fått konsesjon på bygging av Bergselva kraftverk. Samla belastning på naturtypen ellevassmassar for desse to utbyggingane må vurderast.
- Ei eventuell utbygging som søkt om kan i annleggsfasen føre til utfordringar knytt til planar om å sikre drikkevassforsynga med å ha vassintak i Begselva, sidan det no føreligg kosesjon for utbygging av denne.

Kommunen ser fordelar med å kunne auke produksjonen av rein energi. Framleis kan søkt løysing ha konsekvensar som peikar mot at samfunnsnyttan (produksjon av ca. 3 GWh/år rein kraft) ikkje når opp mot konsekvensar for andre samfunnsinteresser.

Kommunen syner til dei merknader som går fram av kommunedirektøren sine vurderingar og i samandrag og legg til grunn at NVE tek dette med seg i si handsaming av konsesjon.

Om NVE finn å kunne gi konsesjon, så skal det lagast ein detaljplan for utbygginga. Ein eventuell slik detaljplan skal Sunnfjord kommune ha til uttale, før han blir godkjent.

Bakgrunn for saka

Søknad om å regulere Selsvatnet har tidlegare vore på høyring 01.03.2024-19.04.2024.

NVE har fått ein søknad frå Selselva Kraft AS, datert 17.09.2025, med endra planer. Den endra søknaden blir send på ny høyring med høyringsfrist 01.12.2025.

Selselva Kraft AS søker no om konsesjon til å regulere Selsvatnet mellom kote 839 moh og 840 moh samt å auke slukeevna i Selselva kraftverk frå 1,05 m³/s til 1,3 m³/s.

Etter høyringa i 2024 har søker gjort endringar i prosjektet. Endringane omfattar i hovudsak at søker planlegg regulering utan aktiv tapping for døgnoptimalisering, lågare høgde på dammen og at ingen nye areal demmast opp og leggast under vatn.

NVE ønskjer å få inn synspunkt på endringane som er presenterte i søknaden. Dei ønskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til

avgrensingar i planane. Dei ønskjer også grunngeve forslag til mildnande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av prosjektet. I tillegg ber dei om eventuelle kommentarar til om søknaden gir tilstrekkelege opplysningar om verknadene av tiltaket.

NVE sitt høyringsbrev, ny søknad frå Selselva Kraft AS og andre aktuelle dokument ligg på denne lenka [Konsesjonssak - NVE](#)

Saksutgreiing

Sunnfjord kommune har gjeve uttale til konsesjonsaka i 2024 slik søknaden låg føre då. Formannskapet fatta slikt (einstemmig) vedtak:

"Vedtak i Formannskapet 16.05.2024:

Sunnfjord kommune kan ikkje tilrå at Selselva Kraft AS får konsesjon til å regulere Selsvatnet mellom LRV på kote 840 og HRV på kote 841, og til å auke slukeevna i Selselva kraftverk til 1,3 m³/s. For innsyn i heile vedtaket. Sjå vedlegg

Revidert søknad:

Kommunedirektøren vil først gje ein presentasjon av søknaden. Tekst er henta frå samandraget i søknaden og illustrasjonar er også henta frå søknaden. Det synleggjer endringane og søkjar sine vurderingar av reduserte negative konsekvensar. Det vert vidare synt til saksframlegg av 03.04.2024 (FORM sak 083/24) og dei andre vedlegga i saka. Alle dokument ligg også på [Konsesjonssak - NVE](#)

Utdrag frå samndrag og andre delar av søknaden:

"Søknad om konsesjon – revidert forslag: Selselva Kraft AS søker med dette om konsesjon for å øke slukeevnen i Selselva kraftverk fra 1,05 m³/s til 1,3 m³/s, samt gjennomføre en passiv regulering av Selsvatnet.

Bakgrunn og begrunnelse for revisjon: Etter en grundig gjennomgang av høringsuttalelsene har Selselva Kraft AS valgt å revidere søknaden om regulering av Selsvatnet og økt slukeevne i Selselva kraftverk. I høringsperioden kom det inn flere verdifulle innspill fra lokalsamfunnet, særlig knyttet til bekymringer om visuell påvirkning fra demningen, redusert naturopplevelse, og potensiell forringelse av vannkvaliteten ved drikkevannsinntaket nedstrøms kraftverket. Selselva Kraft AS tar disse bekymringene på alvor og har i den reviderte søknaden gjort betydelige endringer for å redusere tiltakets negative konsekvenser og styrke lokal forankring. Målet har vært å finne løsninger som ivaretar både kraftproduksjonen og natur- og friluftsinteressene i området.

Tiltaket er derfor revidert på følgende måter:

	Opprinnelig	Revidert plan
Topp dam (HRV)	841 moh.	840 moh.
Største damhøyde	2 meter	1 meter
Oppdemming av nye arealer	Ja	Nei
Regulering	Aktiv	Passiv
Damlengde	84 meter	10-15 meter
Fare for usikker is (vinter)	Ja	Som naturlig

Tabell 1: Prosjektoppsummering

Tiltakets utforming og tilpasning: Slukeevnen vil økes ved å modifisere eksisterende peltonturbin. Det er ikke behov for endringer i tilloppsør eller infrastruktur utenom turbinen.

Selsvatnet, som ligger ca. 600 meter oppstrøms kraftverksinntaket, søkes regulert passivt med inntil én meter, fra dagens normalnivå og nedover. Det vil si at magasinet følger naturlig

tilsig uten aktiv tapping for døgnoptimalisering. Volumet på reguleringsmagasinet blir ca. 640 000 m³, noe som gir kraftverksdrift i inntil 10 dager uten tilsig.

Tiltakets hovedformål er å redusere flomtap over inntaksdammen, og samtidig sikre et mer stabilt vannføringsmønster med færre ekstreme topper. Dette vurderes som særlig viktig for å beskytte vannkvaliteten nedstrøms.

Visuelle og miljømessige hensyn: Demningen vil bli plassert lavt i terrenget for å minimere visuell påvirkning fra stier og oppholdsarealer. Bredden reduseres med omtrent 85 %, til ca. 15 meter, og dammens overflate vil bli kledd med naturstein for å tilpasse seg det eksisterende landskapsbildet. Disse tiltakene er direkte motivert av innspill fra lokale friluftsinnteresser. Det er heller ikke planlagt noen form for døgnregulering, noe som gjør vannføringen mer forutsigbar og nærmere naturlig variasjon, til fordel for både økologiske og rekreasjonsmessige verdier.

Effekt og produksjon: I et normalår anslås tiltaket å gi en produksjonsøkning på ca. 3,3 GWh. Utbyggingskostnaden er estimert til 1,16 kroner per kWh. Med revidert forslag vil produksjonsøkning opprettholdes, men kraftverket mister mulighet til å optimalisere drift med hensyn til pris.

Naturmangfold og kulturminner: Langs vannstrengen er det registrert to arter på Norsk rødliste: kystfloke og faksjøkelmose, begge kategorisert som «nær truet». Selselva inngår også i naturtypen «elvevannmasser», som er vurdert som nær truet. Tiltaket er derfor planlagt med minimal påvirkning på vannføringsregimet for å beskytte disse verdiene. Det er kjent hekking av kongeørn i området. For å ivareta denne bestanden vil det ikke bli utført tyngre anleggsarbeid i perioden mars–mai. Det er ikke registrert automatisk fredete kulturminner innenfor det berørte området.

Samlet belastning: Regionen har flere eksisterende småkraftverk, men det vurderes at det aktuelle tiltaket gir et svært beskjedent tillegg til samlet belastning. Gjennom lokal tilpasning og minimal teknisk inngripen, er målet å gjennomføre utbyggingen med lavest mulig påvirkning på natur og samfunn."




Fig. 4: Situasjonsplan





Fig.5: Prinsskisse dam



Frå samandrag i rapport (revidert) om konsekvensar for naturmangfald (kap 6 i søknad):

"Resultat: To NiN-naturtyper (Fjellhei og Boreal hei) og én annen rødlistet naturtype (Elvevannmasser [NT – nær truet]) ble registrert. Tiltakets påvirkning på naturtypen fjellhei er vurdert til Ubetydelig. Boreal hei blir ikke berørt, og er derfor ikke vurdert. For selve elven, dvs. naturtypen Elvevannmasser, vurderes påvirkningsgraden til Noe Forringet. Av arter ble det registrert to rødlistearter: mosene kystfloke *Heterocladium wulfsbergii* (NT) som vokser ved elva, og fakskjølmoose *Arctoa fulvella* (NT) som vokser på store steinblokker øverst i vassdraget. Tiltakets påvirkning på kystfloke er vurdert til Noe forringet, mens det er vurdert som Ubetydelig for fakskjølmoose. Kongeørn vil bli ubetydelig påvirket forutsatt at det unngås å utføre anleggsarbeid i sensitiv periode i hekketiden. Villrein er vurdert å bli Ubetydelig påvirket.

Konsekvens: Ifølge benyttet metodikk, vil tiltaket føre til Ubetydelig miljøskade (0) på naturtypen fjellhei og arten villrein. Elvevannmassene Selselva utgjør og rødlistearten kystfloke er vurdert å få Noe miljøskade (-), mens kongeørn og rødlistearten kjølfaksmoose vil få Ubetydelig miljøskade (0). Samlet sett vurderes konsekvensen for tiltaket til Noe negativt (-)"

Kommunedirektøren si vurdering

Kort oppsummert så er målet (som i opphavleg søknad) med reguleringa/utbygginga å utnytte flaumtap. I revidert plan for utbygging/regulering legg søkjar opp til å byggje ein terskel/dam på ca 15 m (med fast spalte) og då kunne regulere vannstanden ned med 1 m under naturleg vasstand (passiv regulering). Opphavleg søknad med større terskel/dam 80-85 m (aktiv regulering med luke) la opp til å kunne auke vasstanden med 1 m over naturleg vasstand.

Effekten av løysingane er av søkjar vurdert til å ha same potensial. Produksjonsauke på ca 3 GWh og magasinivolum som gjev grunnlag for at kraftverket kan køyrast i ca 10 døgn før vassføring er under minstevassføring og driftsvassføring ved inntak. Selselva, som i dag renn fritt frå planlagt reguleringsdam til inntaket vil som i opphavleg søknad, få endra vassføring. Dam og regulering vert også som før etablert i høgjellet.

Kommunedirektøren vil vidare i stor grad gå inn på dei same tilhøva som blei omtalt og vurdert i førre saksframlegg, med mål om at aktuelle skilnadar og tilhøve som bør ha merksemd kjem fram.

Eigedomstilhøve:

Det føreligg rettskraftig dom frå Lagmannsretten som avklarar eigarforholda i og kring Selsvatnet.

Søklar skriv følgjande i revidert plan (kap. 2.5 side 17): "Grunneierne tilhørende Selselva kraftverk har rettighetene på restfallet fra Selsvatnet ned til dagens inntak og eiendom der dam planlegges. Øvrige eiendommer rundt Selsvatnet vil etter tiltakshavers vurdering ikke bli berørt av tiltaket på en slik måte at det krever grunneigaravtaler. Det vil ikke bli gjennomført fysiske tiltak på disse eiendommene, og Selsvatnet vil bevege seg innenfor samme naturlige variasjon i vannstand som tidligere"

Kommunedirektøren finn heller ikkje no at det i søknaden er opplyst noko om avtaler mellom eigar av Selselva Kraft AS og grunneigarar på restfallet ned til søklar sitt inntak, eller for området der dam er planlagt etablert. Det juridiske i om grunneigarar elles i og kring Selsvatnet vert råå på ein måte som krev grunneigaravtaler, ber kommunedirektøren NVE om å ha merksemd på. Kommunedirektøren ser ikkje at kommunen skal ta stilling til slike privatrettslege tilhøve.

Miljørapport konsekvensar for naturmangfald:

I tidlegare saksframlegg peika kommunedirektøren på uheldige tilhøve og manglande vurderingar i miljørapporten. Rapporten er no revidert revisjonsdato(04.07.2025), tilhøva som blei peika på er retta opp, og manglande vurderingar om villrein (stor verdi) er teke inn.

Om datagrunnlag vert det synt til at rapporten i stor grad (som sist) byggjer på feltarbeid frå 2021. I tillegg vert det synt til at datagrunnlag er henta inn frå søk i tilgjengelege databaser og rapportar.

Ut frå revisjonsdato (juli 2025), finn kommunedirektøren grunn til å peike på at det er ny kunnskap/registreringar knytt til området som då ikkje er fanga opp i rapporten.

Eit raskt utsjekk på artskart, syner at det er føreligg mange nye registrerte artar kring Selsvatnet. Nokre er vurdert som VU-sårbare, andre som NT- Nær trua. Mange av desse er registrert med funn dato august 2025. Andre er registrert med funn dato i juli 2024.

Kommunedirektøren har ikkje grunnlag for å meine eller vurdere om søkt løysing kan ha konsekvensar for desse artane. NVE må følgje dette opp. Det må gjennomførast ei vurdering av desse nye registreringane.

Naturmangfald:

I rapport om konsekvensar for naturmangfald er samla vurdering som sist, at ei utbygging vil ende ut med konsekvens "Noe negativt". For naturtypen "elvevannmasser" (raudlista NT nært trua) vert resultatet endra frå forringa til "noe forringa" og for arten Kystflope (raudlista NT nært trua), vert resultatet også endre frå forringa til "noe forringa". Konsekvensen for elvevassmassar er vurdert uendra, medan Kystflope no vert vurdert til å få "noe miljøskade" ("betydelig miljøskade" i tidlegare søknad).

Villrein, som ikkje var omtalt i tidlegare rapport, vert vurdert til å bli ubetydeleg påverka (annleggsfase kan ha påverknad). Årsaken til dette er at dei viktigaste funksjonsområda ligg lenger aust. Reinsbukkar kan trekke vestover og på vinteren er det dokumentert at Rein har kryssa isen på Selsvatnet. Usikker is som følgje av ei regulering vert då ei problemstilling. konsekvens kan bli auka risiko for drukning for enkelte dyr. I både søknad og miljørapport, er det vurdert at passiv regulering, med naturleg flyt i vassmassane, gjev lågt sannsyn for usikker is, ut over det som vil vere naturleg knytt til svingingar i temperatur.

Kommunedirektøren meiner likevel at isforholda, og eventuelle konsekvensar knytt til isforholda vert grundig vurdert av NVE.

For Selselva (elvevassmassar) er verdsettinga som sist sett lågt. Grunnlag for slik verdsetting, er at tilstanden på den aktuelle elvestrekningen er svekka av tidlegare regulering. Kommunedirektøren har ikkje merknader til metodikk. Det er likevel slik at i dag, frå inntaket til Selselva kraftverk og opp til Selsvatnet, ein strekning på om lag 600 m, så er

elva/elvevassmassane ikkje påverka av tidlegare regulering. Passiv regulering som søkt om no, vert vurdert til å ha mindre verknad på elvemiljøet enn ei aktiv regulering. Elva vil også no få større variasjon i vassføringa frå vatnet til inntaket. Frå inntaket til kraftstasjonen vil vassføringa også no generelt bli mindre.

For Kystflope er vurderingane tilnærma uendra (litt lågare risiko). Kystflope (middels verdi) blei funne ved to lokalitetar langs elva. Rapporten syner også til at den er registret tidlegare lenger nede i vassdraget og at sannsynet er stort for at den finst fleire stadar langs elvestrekket. Denne arten sitt leveområde er i elvane si flaumsone like over normal vasstand. Rapporten syner til stor usikkerheit knytt til kva arten tåler av redusert vassføring. Det vi veit er at ei vidare utbygging vil redusere/regulere flaumane i elva og vil då ha innverknad på arten sitt vekstområde i større grad enn i dag.

Brukarinteresser og Landskap:

I opphavleg søknad var brukarinteresser og landskap i liten grad omtala. I revidert søknad er no vurderingar opp mot kartlagde og verdsette friluftsområde teke inn (kap3.14). Likeeins ligg det no føre vurderingar opp mot Fjordkysten Regional og Geopark. Parken vart i 2025 innlemma i UNESCO global geoparks (kap3.6).

Selsvatnet ligg (840 moh) sentralt i eit kjendt fjellområde i Sunnfjord. Fjellområdet framstår som urørt utan tekniske inngrep. Elvestrekninga frå eksisterande inntak og opp til Selsvatnet er om lag 600 meter og framstår i dag også som urørt.

Søklar si eiga vurdering av konsekvens, er at utbygginga sin verknad for brukarinteresser, landskap og natur er uendra ("liten negativ").

Selsvatnet ligg i friluftsområde [Blægja](#), og grensar til friluftslivsområde [Hestane](#). Begge områda har fått verdien "Svært viktig friluftslivsområde". Område rundt Selsvatnet er ikkje det som er mest nytta i friluftsliv samanheng. Selsvatnet er godt synleg og fast del av utsikta når ein går stien opp og ned frå Kvamshesten/Storehesten.

Ny utforming av dammen (storleik og plassering) vil, som også søklar skriv, truleg berre bli visuelt synleg frå kort avstand. Regulering av vasstand (senking på 1 meter), vil bli synleg frå turområdet kring. Område Hestane har stor brukerfrekvens, stor symbolverdi og mange opplevelseskvalitetar.

Området har store geologiske verdiar, og er del av Fjordkysten Regional og Geopark (UNESCO global geoparks 2025).

Søklar skriv følgjande (kap.3.6): "Selselva og Selsvatnet er en del av fjordkysten regional og geopark som i 2025 er blitt en del av UNESCO global geoparks. Parkens hovedmål er å konservere områdets unike geologi, med støtte og forankring i lokalsamfunnet. Geologien skal sees i sammenheng med områdets natur og kulturarv, samt fokusere på bærekraftig utvikling av området. (UIB 2025) (norske parker) (UNESCO)."

Det vert vidare synt til: "Det fremgår også av tidligere behandling i Sunnfjord kommune sitt formannskap (januar 2023) vedrørende UNESCO-status at området som blir del av Fjordkysten regional- og geopark ikke på noen måte blir vernet. Det fremgår her særskilt at vannkraftverk ikke utgjør noen utfordring i forhold til medlemskap."

Søklar si vurdering i revidert søknad er at regulering ned (1 m) frå vatnet sitt naturlege nivå, i stor grad reduserar sannsynet for at geologiske lokalitetar av stor verdi vert påverka. Overordna at ei forsiktig oppgradering av eit eksisterande kraftverk ikkje har innverknad på vilkåra som følgjer av å vere ein UNESCO Global Geopark.

Området er besøkt av lokale, regionale, nasjonale og internasjonale brukarar. Området har utan tvil høg brukarfrekvens. Det er og ei oppfatting at bruken av området knytt til friluftsliv har auka i seinare år. Fjellområdet vil truleg og få auka merksemd med UNESCO-status.

Allternativ utbygging:

Om fordelar og ulemper med søkt løysing skriv søkjar følgjande (kap. 2.4): "Fordeler : Det produseres mer elektrisk kraft, med små naturinngrep, og på en svært kostnadseffektiv måte. Passiv regulering opprettholder den naturlige vassdragsdynamikken. "Ulemper: På kort avstand vil tiltaket være synlig i terrenget. Små endringer i vannføringsregimet".

Om alternative løysingar (kap.3.18):"Det er i forprosjektet gjort avveininger mellom, a) økning av slukeevne, eventuelt ny turbin og generator, for å redusere flomtapet, og b) magasinere noe av flommene i Selsvatnet. Et stort magasin med tilsvarende høy reguleringsdam i Selsvatnet ville minsket behovet for økning av slukeevne, men ville vært et større inngrep i naturen. Motsatt ville en stor økning av slukeevne medført ny maskininstallasjon og ny vannvei, med store kostnader. Høringsrunden ved forrige alternativ ga mange gode tilbakemeldinger, og ved en samlet vurdering har søker har derfor konkludert med at en forsiktig passiv regulering på av Selsvatnet kombinert med en oppgradering av eksisterende turbin er en god totalløsning, både miljømessig, for brukerinteresser og bedriftsøkonomisk."

Søkt løysing gjev ein auke på kring 3 GWh. Kommunedirektøren saknar framleis informasjon om kva moglegheit for produksjonsauke som ligg i optimalisering av slukeevna og oppgradering av dagens turbin, utan demning/regulering av Selsvatnet. Ut frå tabellar på side 6, kan det sjå ut som at gjevinsten av dammen, med ei slukeevne på 1,3m³/S, kan vere kring 1,8 GWh.

Sunnfjord kommune uttalte i førre høyringsrunde at Selselva kraft AS, primært bør jobbe mot alternative løysingar innanfor arealbruken til dagens kraftverk.

Samla belastning:

Det vert synt til at det er mange eksisterande småkraftverk i regionen. Søkjar si vurdering er at søkt løysing gjev eit særst avgrensa tillegg til samla belastning. i kap. 1.6 vert det synt til at i nærområdet ligg Kvamselva kraftverk (i drift) og at det er planar om Nysna kraftverk og Nysnaelva minikraftverk.

I kap. 3.20 vert det synt til at det innanfor ein radie på på kring 20 km frå Selsvatnet er det 20-25 småkraftverk i drift og at dei fleste av dei berre råkar korte delar av vassstrengane. Den totale belastninga på naturtypen elvevassmassar vert difor vurdert til å likevel vere begrensa. Bergselva Bygstad kraft AS er ikkje omtalt av søkjar.

Bergselva Bygstad kraft AS fikk den 13.06.2025 konsesjon/Løyve frå NVE til bygging av Bergselva kraftverk med tilhøyrande nettanlegg. Bergelva og Selselva sitt samlaup ligg like nedanfor kraftstasjonen til Selselva kraftverk.

NVE må gjere ei grundig vurdering av om samla belastning på naturtypen elvevassmassar her er rett vurdert.

Drikkevatt:

Kommunen sitt vassverk, Bygstad vassverk hentar sitt vatn frå Selselva.

Søkjar skriv følgjande (kap. 3 .13): "Kommunens drikkevannskilde, både hovedforsyningen på ca. kote 200 og reserveforsyningen i turbinavløpskanalen, vil bli påvirket av utbygging av reguleringsmagasinet ettersom det blir begrenset vannføring i en kort anleggsfase. I denne fasen er drikkevannsforsyningen tenkt sikret med vanninntak fra Bergselva, slik det ble gjort ved den første utbyggingen.

Vi opplever å ha et godt samarbeid og god dialog med kommunen om dette. Selselva Kraft har allerede investert mNOK 1 i utstyr som pumper vann opp i dagens vannverksinntak. Vannet som pumpes opp er friskt vann som er tatt fra rørgaten med inntak på fjellet. En unngår med slik løsning bruk av vann som har rent gjennom terrenget i nedre del. Kommunen holder på med testing av løsningen sensommeren 2025. I forbindelse med konsesjonssøknaden er det vurdert at i den grad en regulering påvirker drikkevannskvaliteten, så vil det være til det positive. Reguleringen er flomdempende, og vil redusere utvasking langs elveløpet under flom. Det er forventet at jevnere vannføring vil føre

til at vannet holdes renere. En forsinkelse i avrenning fra Selsvatnet vil også redusere eventuelle tørkeperioder og gi mer stabil vannforsyning."

Kommunedirektøren finn det rett å peike på at ei eventuell utbygging som søkt om i annleggsfasen kan møte på utfordringar knytt til planar om å sikre drikkevassforsynga med å ha vassintak i Begselva, sidan det alt føreligg konsesjon for kraftutbygging i Bergselva. Det vert elles synt til tidlegare innsendt merknad frå Sunnfjord kommune ved teknisk drift i høyringa 2024 (sjå vedlegg)

Samandrag:

Kommunedirektøren meiner viktige førsetnader ved ei utbygging er at grunneigarar/fallrettseigarar sine interesser er ivaretekne på ein god måte gjennom avtaler som er/vert inngått.

- NVE må ha merksemd på grunneigarrettar kring heile Selsvatnet og tiltaksområdet, ved vurdering av det juridiske kring krav om grunneigaravtaler.

Det må gjerast ei heilskapleg vurdering av om fordelane ved utbygginga er større enn ulempene for lokalsamfunnet, ålmenta og andre samfunnsinteresser.

Kommunedirektøren ser at revidert søknad framstår mindre omfattande enn tidlegare søknad. Dam er redusert i omfang og elva frå dam til inntak vil bli noko mindre påverka (Vassføringsdynamikken). Tiltaket framstår isolert sett som lite omfattande. Utbygginga er rimeleg og utan tvil bedriftsøkonomisk gunstig. Samfunnsnyttan av søkt løysing som gjev kring 3 GWh ny energi, er som tidlegare avgrensa.

Som i førre søknad er det fleire potensielle konfliktfylte tilhøve med utbygginga, knytt til almenne interesser som, naturmangfald, natur, landskap, brukarinteresser/friluftsliv:

- Kystfloke kan misse leveområde. Som det kjem fram i rapport om konsekvensar for naturmangfald, er det knytt stor usikkerheit til kva arten tåler av redusert vassføring. Reduksjon av vassføring og tap av flaumar vil ha innverknad på arten sine leveområde.
- Området er del av Sunnfjord villreinområde.
- Dam vil bli etablert i eit sårbart høg fjellsområde med store lokale, regionale nasjonale og internasjonale brukarinteresser. Regulering vil kunne bli synleg frå rute til Kvamshesten og vil bli synleg frå tuområda kring.
- Omdømme/og populæritet knytt til friluftsliv/reiseliv kan bli negativt påverka.
- Ut over tiltak som tillrettelegg for friluftsliv er fjellområdet urørt og utan tekniske inngrep.
- Området har store geologiske verdier.
- Øvre delar av Selselva er eit godt synleg landskapselement, elva oppstraums inntak for eksisterande kraftverk renn i dag fritt.

Av nye tilhøve ber kommunedirektøren NVE om å ha serskild merksemd på og vurdere følgjande i si handsaming av konsesjonssøknaden:

- Nye registreringar av artar kring Selsvatnet er ikkje konsekvensvurdert eller omtalt i søknaden.
- Av omsyn til villrein, må eventuell innverknad på Isforholda på Selsvatnet vurderast grundig.
- Bergselva Bygstad kraft AS har fått konsesjon på bygging av Bergselva kraftverk. Samla belastning på elvevassmassar for desse to utbyggingane må vurderast.
- Sidan det no føreligg konsesjon for utbygging i Bergselva, vil ei eventuell utbygging som søkt om, i annleggsfasen kunne møte på utfordringar knytt til planar om å sikre drikkevassforsynga med å ha vassintak i Begselva.

Kommunedirektøren ser fordelar med å kunne auke produksjonen av rein energi. Framleis kan søkt løysing ha konsekvensar som peikar mot at samfunnsnyttan (produksjon av ca. 3

GWh/år rein kraft) ikkje når opp mot konsekvensar for andre samfunnsinteresser. Det er heller ikkje no presentert alternative løysingar innanfor arealbruken til dagens kraftverk. Kva potensiale som ligg i slike løysing, blei i førre høyring etterspurd av Sunnfjord kommune.

I formannskasvedtaket var også følgjande punkt med: "Den allereie eksisterande utbygginga i Selselva gir relativt godt energiutbytte, vurdert opp mot storleiken på vassdraget. Endringane vil ikkje vil auke kraftproduksjonen nemneverdig og berre gje ein helt marginal energigevinst."

Søkt løysing gjev, som søkjar sjølv skriv, heller ikkje høve til å optimalisere drift av omsyn til pris.

Førde, den 24.10.2025

Terje Heggheim kommunedirektør	Trond Ueland kommunalsjef
-----------------------------------	------------------------------

Behandling i folkevalde organ:

Behandling i Kommunestyret 18.12.2025:

Alternativt framlegg frå SV, Venstre, MDG og Mathias Råheim (H), fremja av Atle Hamar (V):

Kommunestyret meiner området kring fjellområdet Hestane er unikt med sin Unesco status og eit rikt geologisk og biologisk mangfald. Vi skal vere føre var, og ikkje legge til rette for ein bit for bit nedbygging av natur i viktige naturområde.

Sunnfjord Kommune er frå før ein stor leverandør av fornybar energi i det grøne skiftet, og vi må difor utnytte eksisterande energi langt betre og fornye eksisterande kraftverk framfor å bygge nytt.

Sunnfjord kommune kan ikkje tilrå at Selselva Kraft AS får konsesjon til å regulere Selsvatnet mellom kote 839 og kote 840, og til å auke slukeevna i Selselva kraftverk til 1,3 m³/s.

Følgjande argument er viktig som grunngeving for å seie nei til søknaden frå Selselva Kraft AS:

- Den allereie eksisterande utbygginga i Selselva gir relativt godt energiutbytte, vurdert opp mot storleiken på vassdraget. Endringane vil ikkje vil auke kraftproduksjonen nemneverdig og berre gje ein helt marginal energigevinst.
- Dam vil bli etablert i eit sårbart høgfjellsområde med store lokale, regionale og nasjonale brukarinteresser. Den vil bli synleg frå rute til Blegja og Kvamshesten og frå andre stadar i fjellområdet
- Området har store geologiske verdiar og er bygd opp av harde devonske sediment.
- Selsvatnet ligg i nedbørsfeltet til drikkevasskjelda til Bygstad vannverk og utbygging i dette området bør difor ikkje skje.
- Omdømme/og popularitet knytt til friluftsliv/reiseliv kan bli negativt påverka fordi turistar kjem hit for å oppleve natur
- Ut over tiltak som tillrettelegg for friluftsliv er fjellområdet urørt og utan tekniske inngrep
- Øvre delar av Selselva er eit godt synleg landskapselement, elva oppstraums inntak er urørt og renn fritt

- Det er risiko for at arten Kystflope kan misse leveområde. Reduksjon av vassføring og tap av flaumar vil ha innverknad på arten sine leveområde.
- Området er ein del av Sunnfjord villreinområdet. Regulering av islagte vatn kunne utgjere ein risiko for villreinstammen om vinteren og på våren.
- Dei totale ulempene ved utbygging av kraftverksterskel synes klart større en fordelane (sjå lengre ned

Av nye tilhøve ber Sunnfjord kommune NVE om å ha serskild merksemd på og vurdere følgjande i si handsaming:

- Nye registreringar av artar kring Selsvatnet er ikkje konsekvensvurdert eller omtalt i søknaden.
- Bergselva Bygstad kraft AS har fått konsesjon på bygging av Bergselva kraftverk. Samla belastning på naturtypen ellevassmassar for desse to utbyggingane må vurderast.
- Ei eventuell utbygging som søkt om kan i annleggsfasen føre til utfordringar knytt til planar om å sikre drikkevassforsyngja med å ha vassintak i Begselva, sidan det no føreligg kosesjon for utbygging av denne

Konsesjonssøknaden har på fleire av desse områder manglande vurderingar.

Kommunen ser fordelar med å kunne auke produksjonen av rein energi. Søkt løysing har konsekvensar som samla peikar mot at samfunnsnyttan (produksjon) ikkje når opp mot konsekvensar for andre samfunnsinteresser.

Selselva kraft AS, bør sjå mot alternative løysingar innanfor arealbruken til dagens kraftverk. Kommunen syner til dei merknader som går fram av kommunedirektøren si saksutgreiing/vurdering og legg til grunn at NVE tek dette med seg i si handsaming av konsesjon.

Om NVE finn å kunne gi konsesjon, så skal det lagast ein detaljplan for utbygginga. Ein eventuell slik detaljplan skal Sunnfjord kommune ha til uttale, før han blir godkjent.

Johnny Kårstad (Sp) bad om habilitetsvurdering som følge av at bror er grunneigar som har fått eit munnleg tilbod om kompensasjon på 180 000 kr ved regulering.

Anne Lilleaasen (H) bad om habilitetsvurdering som følge av at svoger er grunneigar med beiterett som har fått tilbod om kompensasjon på inntil 200 000 kr ved regulering.

Eit einstemmig kommunestyre erklærte Lilleaasen og Kårstad som inhabile jf. fvl. § 6 første ledd bokstav b.

Lilleaasen og Kårstad deltok ikkje i habilitetsvurderinga eller behandlinga, Oddne Skrede (Sp) og Britt K. Aarbergbotten (H) møtte som varamedlemmer.

Alternativ avstemming:

Formannskapet si innstilling fekk 23 stemmer og **vart vedteke**
SV, Venstre, MDG og Mathias Råheim (H) sitt framlegg fekk 14 stemmer (SV, V. MDG, Råheim (H), Aarbergbotten (H), Birkeland (Sp), A. Horsevik (Ap)) og **fall**

KST-098/25 Vedtak:

Sunnfjord kommune finn å kunne tilrå at Selselva Kraft AS får konsesjon til å regulere Selsvatnet mellom LRV på kote 839 og HRV på kote 840, og til å auke slukeevna i Selselva kraftverk til 1,3 m³/s. Kommunen meiner at revidert løysing for dam og regulering reduserer dei negative konsekvensane tiltaket medfører i høve andre samfunnsomsyn i tilstrekkeleg grad.

Sunnfjord kommune syner til følgjande moment frå førre uttale som framleis er aktuelle for NVE å vurdere i si konsesjonshandsaming:

- Kystfloke kan misse leveområde. Som det kjem fram i rapport om konsekvensar for naturmangfald, er det knytt stor usikkerheit til kva arten tåler av redusert vassføring.
- Området er del av Sunnfjord villreinområde. Av omsyn til villrein, må eventuell innverknad på Isforholda på Selsvatnet vurderast grundig.
- Dam vil bli etablert i eit sårbart høgfjellsområde med store lokale, regionale nasjonale og internasjonale brukarinteresser. regulering vil kunne bli synleg frå rute til Kvamshesten og vil bli synleg frå tuområda kring.
- Omdømme/og popularitet knytt til friluftsliv/reiseliv kan bli negativt påverka.
- Ut over tiltak som tillrettelegg for friluftsliv er fjellområdet urørt og utan tekniske inngrep.
- Området har store geologiske verdiar.
- Øvre delar av Selselva er eit godt synleg landskapselement, elva oppstraums inntak renn i dag fritt.

Av nye tilhøve ber Sunnfjord kommune NVE om å ha serskild merksemd på og vurdere følgjande i si handsaming:

- Nye registreringar av artar kring Selsvatnet er ikkje konsekvensvurdert eller omtalt i søknaden.
- Bergselva Bygstad kraft AS har fått konsesjon på bygging av Bergselva kraftverk. Samla belastning på naturtypen elvevassmassar for desse to utbyggingane må vurderast.
- Ei eventuell utbygging som søkt om kan i annleggsfasen føre til utfordringar knytt til planar om å sikre drikkevassforsynga med å ha vassintak i Begselva, sidan det no føreligg konsesjon for utbygging av denne.

Kommunen ser fordelar med å kunne auke produksjonen av rein energi. Framleis kan søkt løysing ha konsekvensar som peikar mot at samfunnsnyttan (produksjon av ca. 3 GWh/år rein kraft) ikkje når opp mot konsekvensar for andre samfunnsinteresser.

Kommunen syner til dei merknader som går fram av kommunedirektøren sine vurderingar og i samandrag og legg til grunn at NVE tek dette med seg i si handsaming av konsesjon.

Om NVE finn å kunne gi konsesjon, så skal det lagast ein detaljplan for utbygginga. Ein eventuell slik detaljplan skal Sunnfjord kommune ha til uttale, før han blir godkjent.

Behandling i Formannskapet 04.12.2025:

Framlegg til høyringsuttale frå Lilleaasen (H), V og SV, fremja av Anne Lilleaasen (H):

Sunnfjord kommune kan ikkje tilrå at Selselva Kraft AS får konsesjon til å regulere Selsvatnet mellom LRV på kote 839 og HRV på kote 840, og til å auke slukeevna i Selselva kraftverk til 1,3 m³/s.

- Den allereie eksisterande utbygginga i Selselva gir relativt godt energiutbytte, vurdert opp mot storleiken på vassdraget. Endringane vil ikkje auke kraftproduksjonen nemneverdig og berre gje ein helt marginal energigevinst.
- Dam vil bli etablert i eit sårbart høgfjellsområde med store lokale, regionale og nasjonale brukarinteresser. Den vil bli synleg frå rute til Blegja og Kvamshesten og frå andre stadar i fjellområdet
- Området har store geologiske verdiar og er bygd opp av harde devonske sediment.
- Selsvatnet ligg i nedbørsfeltet til drikkevasskjelda til Bygstad vassverk og utbygging i dette området bør difor ikkje skje.
- Omdømme/og popularitet knytt til friluftsliv/reiseliv kan bli negativt påverka fordi turistar kjem hit for å oppleve naturen
- Ut over tiltak som tillrettelegg for friluftsliv er fjellområdet urørt og utan tekniske inngrep

- Øvre delar av Selselva er eit godt synleg landskapselement, elva oppstraums inntak er urørt og renn frit
- Det er risiko for at arten Kystflope kan misse leveområde. Reduksjon av vassføring og tap av flaumar vil ha innverknad på arten sine leveområde.
- Området er ein del av Sunnfjord villreinområdet. Regulering av islagte vatn kunne utgjere ein risiko for villreinstammen om vinteren og på våren.

Av nye tilhøve ber Sunnfjord kommune NVE om å ha særskild merksemd på å vurdere følgjande i si handsaming:

- Nye registreringar av artar kring Selsvatnet er ikkje konsekvensvurdert eller omtalt i søknaden.
- Bergselva Bygstad kraft AS har fått konsesjon på bygging av Bergselva kraftverk.
- Samla belastning på naturtypen elvevassmassar for desse to utbyggingane må vurderast.
- Ei eventuell utbygging som søkt om kan i anleggsfasen føre til utfordringar knytt til planar om å sikre drikkevassforsynga med å ha vassinntak i Bergselva, sidan det no føreligg konsesjon for utbygging av denne.

Konsesjonssøknaden har på fleire av desse områder manglande vurderingar.

Kommunen ser fordelar med å kunne auke produksjonen av rein energi. Søkt løysing har konsekvensar som samla peikar mot at samfunnsnyttan (produksjon) ikkje når opp mot konsekvensar for andre samfunnsinteresser.

Selselva kraft AS, bør sjå mot alternative løysingar innanfor arealbruken til dagens kraftverk.

Om NVE finn å kunne gi konsesjon, så skal det lagast ein detaljplan for utbygginga. Ein eventuell slik detaljplan skal Sunnfjord kommune ha til uttale, før han blir godkjent.

Tilleggsframlegg , fremja av Atle Hamar (V):

Høyringsuttalen blir sendt vidare til kommunestyret for endeleg handsaming

Alternativ avstemming:

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk 7 stemmer (Sp, Ap, FrP, Fossen)

Lilleaasen (H), Venstre og SV sitt framlegg fekk 4 stemmer (Lilleaasen, V, SV) og fall

Avstemming:

Venstre sitt framlegg **vart vedteke** med 6 (V, SV, Lilleaasen, Midtbø, Horsevik) mot 5 stemmer

Sidan saka vart løfta til kommunestyret blir vedteke høyringsuttale ei innstilling til kommunestyret i møte 18. desember.

FORM-240/25 Vedtak:

Sunnfjord kommune finn å kunne tilrå at Selselva Kraft AS får konsesjon til å regulere Selsvatnet mellom LRV på kote 839 og HRV på kote 840, og til å auke slukeevna i Selselva kraftverk til 1,3 m³/s. Kommunen meiner at revidert løysing for dam og regulering reduserer dei negative konsekvensane tiltaket medfører i høve andre samfunnsomsyn i tilstrekkeleg grad.

Sunnfjord kommune syner til følgjande moment frå førre uttale som framleis er aktuelle for NVE å vurdere i si konsesjonshandsaming:

- Kystflope kan misse leveområde. Som det kjem fram i rapport om konsekvensar for naturmangfald, er det knytt stor usikkerheit til kva arten tåler av redusert vassføring.
- Området er del av Sunnfjord villreinområde. Av omsyn til villrein, må eventuell innverknad på Isforholda på Selsvatnet vurderast grundig.

- Dam vil bli etablert i eit sårbart høgfjellsområde med store lokale, regionale nasjonale og internasjonale brukarinteresser. regulering vil kunne bli synleg frå rute til Kvamshesten og vil bli synleg frå tuområda kring.
- Omdømme/og populæritet knytt til friluftsliv/reiseliv kan bli negativt påverka.
- Ut over tiltak som tillrettelegg for friluftsliv er fjellområdet urørt og utan tekniske inngrep.
- Området har store geologiske verdiar.
- Øvre delar av Selselva er eit godt synleg landskapselement, elva oppstraums inntak renn i dag fritt.

Av nye tilhøve ber Sunnfjord kommune NVE om å ha serskild merksemd på og vurdere følgjande i si handsaming:

- Nye registreringar av artar kring Selsvatnet er ikkje konsekvensvurdert eller omtalt i søknaden.
- Bergselva Bygstad kraft AS har fått konsesjon på bygging av Bergselva kraftverk. Samla belastning på naturtypen elvevassmassar for desse to utbyggingane må vurderast.
- Ei eventuell utbygging som søkt om kan i annleggsfasen føre til utfordringar knytt til planar om å sikre drikkevassforsynga med å ha vassintak i Begselva, sidan det no føreligg konsesjon for utbygging av denne.

Kommunen ser fordelar med å kunne auke produksjonen av rein energi. Framleis kan søkt løysing ha konsekvensar som peikar mot at samfunnsnyttan (produksjon av ca. 3 GWh/år rein kraft) ikkje når opp mot konsekvensar for andre samfunnsinteresser.

Kommunen syner til dei merknader som går fram av kommunedirektøren sine vurderingar og i samandrag og legg til grunn at NVE tek dette med seg i si handsaming av konsesjon.

Om NVE finn å kunne gi konsesjon, så skal det lagast ein detaljplan for utbygginga. Ein eventuell slik detaljplan skal Sunnfjord kommune ha til uttale, før han blir godkjent.

Vedlegg i saka:

Uttale frå Naturvernforbundet Sogn og Fjordane

FNF - Frasegn - Uttale til høyring av endra søknad om konsesjon

Naturvernforbundet v nestleiar - lokalt engasjement rundt saka

Oppdatert Underskriftskampanje Selsvatnet 2025

Høyring av søknad om å regulere Selsvatnet i Sunnfjord kommune, Vestland fylke

Konsesjonsøknad - nye planar og konsekvensutgreiing naturmangfald 2025

Uttale frå Sunnfjord kommune - konsesjon Selselva kraft AS 2024

Uttale Sunnfjord kommune - teknisk drift 2024

Uttale frå grunneigarar i Selselva Kraft

Motsegn - ny søknad om regulering av Selsvatnet - auka slukeevne i Selselva kraftverk - Sunnfjord

Uttale frå Bård Magnus Fauske

Uttale frå Helge Kårstad og Merete Larsmon

Uttale frå Alvar Melvær

Uttale frå grunneigarar i Selsvatnet

Vilreinnemnda for Sogn og Fjordane - Høyringsfråsegn til søknad om regulering av Selsvatnet i Sunnfjord

Uttale frå Grunneigarar kring Selsvatnet

Uttale frå Arild Ove Borlaug